

## **Referat frå styremøte torsdag 22. januar 2015 kl. 10.00 – 16.00** **Møtet vart halde på Statens Hus på Lillehammer.**

**Deltakarar:** Arnfinn Beito, Anne Kari Veikleengen, Bjørn Even Stenberg, Kjell Ivar Bergehagen, Sidsel Røhnebæk og Pål Kjørstad. Forfall: Anders Svare, Tore Krogsveen og Ellen M. Syse. Berit Leine Kaltoft og Anne I. Terningen kunne heller ikkje møta.

### **Sak 1/2015: Referatsaker**

- Referat frå styremøte 21.11.2014, referat godkjent og lagt ut på heimesida.
- Infoskriv sendt ut til medlemmane 5. januar.
- Referat frå regionmøta 12. og 13. januar 2015 vart lagt fram.
- Blomstergruppe til Kristin Bakke Lajord ved bortgangen til Aslak er ordna, Arnfinn deltek i gravferda.
- Kåringsevaluering – brev frå Gausdal, jmf. Sak 46/2014.

### **Sak 2/2015: Årsmelding 2014.**

Årsmeldinga for OSG 2014 vart innsendt 19/1 til trykkeriet til redigering/første utkast, vart utdelt i møtet, godkjent med ulike rettingar/tilføyningar og korrekturlest. Den har vorte skriva og utarbeidd etter same lest som i fjor med god hjelp av personar i organisasjonen, Sidsel hos FMOP, Roy på Bekkevold Lyskopi og med Pål som hovudansvarleg. Pål ringer Bekkevold 23/1 og får retta opp/set inn nye innspel. Planen er å starta trykkinga 26/1 etter at revisorrapporten, dei siste annonsane og siste finpussen er på plass. Det blir bestilt 1500 årsmeldingar: ca. 1300 sendes per post (inkludert til alle kommunar i Oppland og 1 eksemplar til NSG), Sidsel får 50 stk. og resten er til utdeling/arkiv. I år deler vi ut årsmeldingane til fylkesleiarane og andre interesserte på landsmøtet i NSG.

Annonser/reklame er støtta/spurt om å bli støtta frå omtrent dei same som i fjor: OSID, AS Nessemaskin, Fjøsssystemer, Sparebank 1 Gudbrandsdalen, Telespor AS, Findmysheep, Tine, Nortura og Felleskjøpet. Furuseth AS har fått plass på bakgrunn av gratisarbeid og kjøring av saltsteinsavlesarar 2014.

### **Sak 3/2015: Reviderte rekneskaper for 2014.**

Regnskapa for fylkeslaget, radiobjøllelaget og ver-ringen vart lagt fram og godkjent for framlegging på årsmøtet i organisasjonen. Leif Arne Sandbekken ringde og sa at revidering var gjort 21/1 2015. Revisor opplyste at dei ikkje kunne klara denne fristen neste år grunna tidspress fram til fyrst i februar. Styret meinte at vi ikkje treng å ta med denne rapporten i sjølve årsmeldinga, og heller kan ha revisjonen klar til årsmøtet. Dette for å halda på revisoren, som er godt kjent med Oppland Sau og Geit.

### **Sak 4/2015: Arbeidsoppgaver og budsjett for 2015 (sak 11 i årsmøte).**

Styret vedtok disse arbeidsoppgåvene som framlegg for årsmøtet i OSG under sak 11

- Innspel til jordbruksforhandlingane 2015
- Delta på styremøte, årsmøter og medlemsmøter i lokallag som spør om det
- Bidra til god kontakt/samarbeid med NSG, Nortura, Tine, Fylkesmannen, nabofylkeslag, Oppland Bondelag, Oppland Bonde- og Småbrukarlag
- Bidra i arbeidet for økt oppslutning om sauekontrollen

- Medlemsverving – mål >1200 medlemmer også i 2015
- Oppdatering av heimesida, inkludert rovviltartikkelen
- Søke FKT-midler, midlar frå «Tilskot til tiltak i beiteområder» og andre midlar til drift av Oppland Radiobjøllelag
- Vidareføra engasjementet og kontaktnettverket i rovviltarbeidet
- Gjennomføre styremøter etter oppsett plan
- Planleggja kontaktmøter/regionmøter i 2015/16 og seminar/årsmøte i mars 2016
- Arbeida med utfordringar til gjerding/gjerdeplikt, spesielt mot utmark
- Arbeide med rekruttering til næringa – tiltak for unge småfebønder
- Bidra i NM-arrangementet i bruk av gjetarhund 2015

Styrets forslag til budsjett som legges fram for årsmøte under sak 11:

Fylkeslaget	Budsjett 2015	Regnskap 2014	Budsjett 2014	Regnskap 2013
<b>Inntekter:</b>				
Kontingenter*	340.000	294.855	292.000	292.120,00
Roviltkontingent	48.000	36.120	30.000	30.050,00
Sponsor/annonser/kurs	58.500	56.000	56.000	56.000,00
Renteinntekter	8.000	14.928	17.000	17.640,00
Prosjekt, annet	10.000	10.000	40.000	92.098,40
<b>Sum inntekter</b>	<b>464.500</b>	<b>411.903</b>	<b>435.000</b>	<b>487.908,40</b>
<b>Utgifter:</b>				
Fagdag, rundskriv, mm	5.000	4.438	25.000	28.455,00
Sekretærtjenester	15.000	14.400	66.000	28.800,00
Ledergodtgjørelse**	15.000	25.000	25.000	25.000,00
Tillitsvalgtgodtgjørelse	75.000	71.920	110.000	118.780,00
Fastgodtgjørelse administrasjon	76.000	66.000		
Rovviltarbeid	48.000	41.280	30.000	39.100,00
Regnskap/annet	11.000	10.800	10.000	13.000,00
Arbeidsgiveravgift	25.000	22.790	28.000	27.618,00
Kontorleie inkl tlf/data	4.000	4.000	0	8.000,00
Revisjon/rekvisita	3.000	2.949	2.000	1.927,20
Rekvisita	0	0	2.000	709,20
Årsmelding/annonser	17.500	15.036	15.000	13.689,60
Årsmøte inkl. støtte utsend.	55.000	53.186	54.000	69.040,01
Styre-/medlemsmøter.	25.000	25.695	15.000	52.665,59
Porto	12.000	10.377	10.000	8.133,60
Reisekostnader	55.000	54.075	40.000	45.795,90
Premier/gaver	2.000	14.907	2.000	1.400,00
Andre kostnader	1.000	0	1.000	1.042,31
<b>Sum utgifter</b>	<b>444.500</b>	<b>436.853</b>	<b>435.000</b>	<b>483.156,41</b>
<b>Resultat</b>	<b>20.000</b>	<b>-24.950</b>	<b>0</b>	<b>4.751,99</b>

\*) Inkludert nye satsar og 1200 medlemmar

\*\*\*) Jmf. internt vedtak i styret

### **Sak 5/2015: Saker styret og laga vil fremme for årsmøtet (sak 9)**

#### **Årsmøtesak: 9 a. Ekstrakontingent rovvilt 2015, ved Vestre Toten Sau og Geit**

Forslag til vedtak:

Vestre Toten fremmer forslag på kr 40,- pr. medlem i ekstrakontingent rovvilt i 2015, Fylkeslaget sender krav til lokallaga på kontingent basert på medlemstalet i 2014.

#### **Årsmøtesak: 9 b. Refusjon for deltaking på årsmøte for lokallagsutsendingar, v/fylkeslaget**

Forslag til vedtak:

Styret fremmer forslag om at det vert gjeve ein refusjon til lokallaga frå fylkeslaget på kr. 500,- pr. årsmøteutsending som deltek på årsmøte i Oppland Sau og Geit.

For å få refusjonen utbetalt må lokallaget innan eller seinast på årsmøtet i OSG har endra styresamansetninga på «Min side» på heimesida til NSG eller sendt rapport om dette til sekretæren i OSG.

Refusjonen på kr: 500,- pr. utsending vert trekt frå på fakturaen for ekstrakontingent rovvilt.

#### **Årsmøtesak: 9 c. Lagslovene. Revisjon av lagslovene til NSG, ved fylkeslaget**

Forslag til vedtak:

Styret sender forslaga til endringane i lagslovene til årsmøteutsendingane pr. e-post så snart høringane frå lokallaga er innkomne. Lokallaga har frist på dette til 1. februar, jmf. høringsskrivet frå NSG.

Fåvang Sau og Geit har alt fremma eit forslag i denne saka ved at dei ønskjer ein juniorkontingent for yngre medlemmer for å sikre god rekruttering inn i organisasjonen.

Styret i OSG såg på dette på styremøte og antyda ei aldersgrense på dette til 25 år og kontingent på same nivå som støttemedlem/husstandsmedlem. På årsmøtet vil styret gjerne at lokallag med innspel i saka fremmer desse sjølve.

#### **Årsmøtesak: 9 d. Radioaktivitet. Satser for erstatning og kompensasjon for nedføring pga radioaktivitet, v/Lesja Sau og Geit.**

Med gjeldande prisløype og trekk for feitt, dekkjer ikkje ordninga tapet for dei som er pålagt nedføring. Satsane bør hevast og graderast meir i høve til lengde av nedføringsperioda. Vi meiner òg at erstatninga bør gjelde frå dag 1.

Øystre Slidre Sau og Geit har varsla at dei kjem med liknande sak, og vil koma med forslag til nye satsar. Dei vil at årsmøte i OSG skal senda vedtaket vidare til OBS og OB for at eit samla Oppland skal fremma dette for sentralledda sine, som i neste tur fremmar krav om nye satsar til NILF.

#### **Årsmøtesak: 9 e. Klipping. For å sikra god rekruttering av unge/nye og vidareoppfølging av eksisterande klipparar vil vi at tilskotet frå NSG vert sett høgt nok for å unngå stor eigenandel, ved Fåvang Sau og Geit.**

**Sak om saueklipparar, lønsutbetaling, satsar, smitterutinar. Har vi eit regelverk? Har klippeforeningen vedtekne satsar? Har vi nok klipparar? Ved Nordre Land Sau og Geit.**  
Her må vi sjekka litt, og kanskje kan Helge Olaf Aas hjelpa oss litt på vegen.

**Årsmøtesak: 9 f. Korleis sikra salet av norske skinn i forhold til importerte skinn, v/Nordre Land Sau og Geit**

Roars Pels seier at det ikkje finns norske skinn på markedet sjølv om dei er ettespurt. Kven skal vi retta saka mot? Oppfordra saueprodusentar? Brev Felleskjøpet?

**Årsmøtesak: 9 g. Nortura, kvar vert det næraste småfslakteanlegget plassert i framtida? v/Vågå Sau og Geit.**

Jmf. strukturendring i slakting hos Nortura der småfelina på Rudshøgda anten må skiftast ut eller leggjast ned. Anlegget på Gol vert mogleg bygd ut, men kanskje kan anlegget på Otta byggast ut for småfslakting òg. Vågå Sau og Geit vil gjerne at Otta-anlegget vert styrka og ber om støtte for dette på årsmøtet.

**Sak 6/2015: Tid og sted for årsmøte i 2016.**

Forslag 2016: Quality Hotel Strand, Gjøvik, OSG ønskjer OGL vel møtt!

Steder det er arrangert siste åra:

2015: Dombås Hotell, Dombås

2014: Radisson Blu Resort Beitostølen, Øystre Slidre

2013: Gudbrandsdal Hotel Spidsbergseter, Ringebru – saman med Hedmark

2012: Quality Hotel Strand, Gjøvik

2011: Quality Hotel, Øyer

2010: Vågå Hotel, Vågå

2009: Quality Hotel Fagernes, Nord-Aurdal

2008: Spåtind, Nordre-Land

2007: Gudbrandsdal Hotel Spidsbergseter, Ringebru

2006: Rondeslottet, Otta

**Sak 7/2015: Årsmøte og seminaret 2015 – planlegging av arrangementet.**

- Det er pr. dags dato påmeldt om lag 110 stk. Lesja og Dovre Sau og Geit har fått i oppgåve å be medlemmane til årsmøtemiddag m/fest. Leiar og sekretær i OSG har ringt ein del rundt for påmeldingar.
  - o OB, OBS, FM, NSG, Nortura og æresmedlemmar er inviterte.
  - o Gjennomgang av program/fordele oppgåver ansvar.
  - o Ønskje velkome i inngangen på hotellet: Berit Leine Kaltoft og Anne Terningen.
  - o Arnfinn ønskjer velkome etter ver-ringsmøte og kl. 09.00 laurdag.
  - o Ellen ordnar m/lokal velkomst – ordførar/lokallagsleiar.
  - o Anders leder årsmøte i fylkeslaget og seminar laurdag.
  - o Arnfinn leder seminaret søndag.
  - o Gjestar/taletid, Nortura v/Erling Skurdal, OB, OBS m.m.
  - o Sidsel Røhnebak kjem laurdag og deltek på årsmøtet med eit innlegg under årsmeldinga til OSG.
  - o Toastmaster årsmøtemiddag: Arnfinn, ansvar gåve.
  - o Prisutdelingar: ansvarlege: Erling Skurdal (gjetarhund), Kjell Ivar Bergehagen (verar), Tore Krogsveen (buk)

**Sak 8/2015: Aktuelle kandidater til fylkeslagets diplom/utmerkelser.**

Ingen forslag er kome inn enda.

### **Sak 9/2015: Innspel til jordbruksforhandlingane 2015.**

Det kom innspel frå regionmøta, jmf. referata der.

### **Sak 10/2015: Oppland Radiobjøllelag**

- Årsmelding og regnskap for 2014 vart godkjent i styret og vedteke lagt fram for årsmøtet.
- Andre framlegg til vedtak på årsmøtet under sak 9.
- **Årsmøtesak 9.h. Manglande rapportering av deltakarar må få konsekvensar for leigesum/leigeforhold.** I leigeavtala har leigetakarane godkjent at dei må rapportera for å få leiga utstyr att i 2015. Skal vi seia dei opp, skal vi gje dei ei bot eller skal vi lata som ingenting?
- **Årsmøtesak 9 i. Vestre Toten Sau og Geit går inn for at leigesummen til radiobjøller/findmysheep vert auka frå kr. 215,- pr, stk til kr. 245,- pr. stk.**

### **Sak 11/2015: Saker fra valgnemnda.**

- Forslag:
- Leder: For 1 år: Arnfinn Beito, Øystre Slidre
- Styremedlem for 2 år: Anne Kari Veikleeng, Nord-Fron
- Styremedlem for 2 år: Bjørn Even Stenberg, Vestre Toten
- Nestleder for 1 år: Tore Krogsveen, Fåvang
- Varamedlemmer i nr-orden.
- 1. Berit Leine Kaltoft, Gausdal
- 2. Eirik Kolbjørnshus, Øystre Slidre
- 3. Anne Terningen, Nordre Land
- Valgnemnda:
- Tormod Gunderstuen m/vara Karl Ole Egge.
- Leder: Tormod Gunderstuen
- Nestleder: Susanne R. Brenna
- Møteleder årsmøte 2016: Ellen M. Syse
- Godtgjøring: Som før.

### **Sak 12/2015: Saker fra værring 41/avlсутvalget.**

Årsmeldinga og regnskap vart godkjent for framlegging til årsmøtet i Ring 41 på Dombås Hotell fredag 13/2 kl. 16.00. Kjell Ivar Bergehagen var med i møtet og las korrektur. Han ordnar med premie til beste ver og beste ver i anna rase i Oppland 2014.

### **Sak 13/2015: Geitesaker.**

Marianne og Nils Skrebergene får premie for beste bukk i Oppland med bukken 2012233 Blåmann med avlsverdi på 129. Pål ordnar med premien frå OSG.

### **Sak 14/2015: Eventuell refusjon av «skotpremiesaka».**

Nord-Fron Sau og Geit vart meldt til politiet for å ha utlova skotpremie på eit rovdyr med fellingsløyve i juni 2013. Ved juletider same år vart dei førelagt ei bot på kr. 15.000,-, som dei ikkje vedtok. Det vart reist sak og hovudforhandlingane skulle gå føre seg 20/11 2014, men vart av aktoratet søkt om utsett. Utsettinga vart innvilga og ny hovudforhandling vart bestemt til 21/1 2015. Saka gjekk på Kommunehuset på Vinstra i regi av Nord-Gudbrandsdal Tingrett. Anne Kari Veeikleeng, leiar i Nord-Fron Sau og Geit, vart ført på vegne av lokallaget som

tiltalt i saka. Advokat Johanne Joyce Eide var forsvarar og brukte Pål Kjørstad som vitne i saka. Dommen vert forkynt Anne Kari den 30/1 2015. I forkant av rettsmøtet har Anne Kari og Pål Kjørstad møtt advokaten på 2 møter, eit i Oslo og eit på Gardermoen. I tillegg tok dei i mot advokaten og hadde eit møte om kvelden før rettsmøtet.

Saka: Skal OSG dekkja eventuelle utgifter/bøter i saka? Forslag til vedtak: OSG dekkjer utgifter og eventuell bot vedrørende saka fram til og med Tingretten, da dette er å rekna som ei prinsipp sak for beitebrukarane. Framtida: Dersom OSG skal dekkja utgifter til tilsvarande saker, så skal det fattas eit styrevedtak i OSG på førehand. Da det berre møtte 3 frå styret på styremøtet og Anne Kari sjølv var ein av dei, vil vi be dei andre styremedlemmane i OSG stemma i saka før vedtaket vert skrive. Avstemminga må vera klar innan 29/1 2015. Advokaten får ei takkegåve frå Nord-Fron Sau og Geit og OSG. Pål ordnar dette.

### **Sak 15/2015: Eventuelt.**

Foredrag Hordaland Sau og Geit om lag 21/2 – tema beitebruk/rovvilt/skadefelling. Erfaring frå Oppland ved Pål Kjørstad.

Årsmøte Oppland Bonde- og Småbrukarlag: Arnfinn møter.

Årsmøte i Oppland Bondelag: Arnfinn møter

Arnfinn gjekk inn for at kr. 10.000,- av den faste godtgjeringa hans som leiar i OSG skal tilfalla sekretæren i OSG i 2015. Dette på grunn av at Arnfinn brukar Pål til meir skrivning enn Pål som leiar/rovviltansvarleg brukte Ken. Dette er inga årsmøtesak, men ei avgjerd styret i OSG fatta, som ei intern sak.

Lillehammer 22.01.2015

Pål Kjørstad

Sekretær

### **Vedtak i ettertid under sak 14/2015:**

Styret var vedtaksføre i styremøte, men berre 2 av 5 styremedlemmar og 1. vara møtte og dermed stilte det 3 styremedlemmar. 2. og 3. vara var kontakta, men kunne ikkje møta. I sak 14/2015 deltok ikkje Anne Kari Veikleengen, då ho var inhabil i saka. Dei 2 restarande styremedlemmane bestemte seg for at dei skulle gjera eit forslag til vedtak og spørja styremedlemmane med forfall i ettertid om å stemma på forslaget. Dette vart gjort i samband med at sekretæren sende ut protokollen til godkjenning.

Anders Svare sendte dette svaret 27/01 2015:

**«Stiller meg fullt og heilt bak forslaget til vedtak i sak 14/2015» Anders Svare (sign)**

Ellen M. Syse sendte dette svaret 27/01 2015:

**«Sak 14/2015: Støtter forslaget til vedtak.» Ellen M. Syse (sign).**

Dermed vart forslaget til vedtak i sak 14/2015 vedteke med 4 stemmer.

Sør-Fron 28/01 2015

Pål Kjørstad

Sekretær